

Moglegheiter for alle

Solund Høgre

Valprogram

2023–2027

Kjære veljar,

Solund Høgre sin visjon er at Solund skal vere eit trygt lokal-samfunn der det er godt å bu og arbeide. Eit samfunn som ungane våre vil busetje seg i og tilflyttarar kjenner seg heime og inkluderte i. Innbyggjarane i Solund er vår viktigaste ressurs, og det er først og fremst dei vi må ta utgangspunkt i for å trygge og utvikle kommunen vår.



Solund kommune skal vere ein JA-kommune!

Likeverd, likestilling, samhald og sosial tryggleik er viktige byggjesteinar i eit trygt samfunn og Solund Høgre vil støtte opp om desse verdiane. Solund Høgre vil at innbyggjarane skal ha eit godt tilbod innan kommunale og statlege tenester. Gjennom å stimulere til vekst i det lokale næringslivet vil Solund Høgre leggje til rette for at det vert skapt fleire arbeidsplassar og dermed også danne grunnlag for framtidig busetnad i øyriket vårt.

Nokre av dei viktige sakene Solund Høgre vil arbeide for er

- Å gje rammer som sikrar ei eldreomsorg tufta på kvalitet, tryggleik og trivsel.
- At barn og ungdom får kjennskap til dei næringane og moglegheitene som er i Solund.
- Å ha nok utleigebustader i kommunen for å sikre arbeidskraft og busetnad.
- Bygging av djupvasskai i kommunen.
- Fjerne eigeidoms-katten

Solund Høgre vil lytte til deg som innbyggjar, for dine meiningar er viktige. Solund Høgre sin politikk skal vere målretta og løysingsorientert. Samarbeid gjev resultat. Solund Høgre skal difor bidra til at dei politiske partigruppene skal ha eit godt og tillitsfullt samarbeid. Solund Høgre vil ta ansvar og arbeide aktivt med tilrettelegging for utvikling i alle delar av kommunen.


Godt val!

1 Næringsliv

Høgre meiner at for å sikre vekst og utvikling i Solund er det avgjerande å ha eit sterkt næringsliv. Både fiskeri, havbruk, industri, landbruk og reiseliv er viktige næringar i kommunen vår. Høgre vil gjennom godt samarbeid med næringslivet leggje til rette for å oppretthalde og utvikle det næringslivet vi har i dag og danne grunnlag for nye etableringar.

Solund Høgre vil:

- Ivareta eksisterande næringsliv, og leggje til rette for vekst og vidareutvikling i Solund.
- Nytte Solund Næringsssamskipnad som samarbeidspartnar.
- Ha full dekning for mobiltelefon og fiber i heile kommunen.
- Sikre areal for nærings- og industriutvikling på land og sjø.
- Bidra til at Solund vert ein meir attraktiv kommune å drive næring i.
- Respektere næringslivet sine behov.
- Samarbeide med næringslivet om samlokalisering av nye kontorfasilitetar.
- Ha beredskapsordning for straumforsyninga til Solund.




2 Kommunen som organisasjon og arbeidsgjevar

Solund kommune er ein stor og viktig organisasjon, og den største arbeidsgjevaren i Solund. Høgre ynskjer at kommunen som organisasjon skal vere kjenneteikna av profesjonalitet. Det skal vere rom for utvikling hjå arbeidstakarar. Dette vil auke kompetansen i alle sektorane i kommunen.

Solund Høgre vil:

- Engasjere og involvere dei folkevalde i større grad, mellom anna gjennom å vurdere dagens politiske delegeringsreglement.
- Sikre gode prosesser ved utlysing og tilsetjing.
- Legge til rette for å støtte tilsette under utdanning i heile organisasjonen.
- Halde fram med å ta inn lærlingar i Solund kommune.
- Sikre lik praksis i sektorane.



3 Bustadar og eigedomsskatt

For Solund er det viktig å ha eit attraktivt og godt bustadtilbod. Behova og ynskja for husvære varierer og det er naudsynt å kunne imøtekomme desse. Høgre vil arbeide for busetnad i både regulerte bustadfelt og gjennom spreidd busetnad.

Solund Høgre vil:

- Sikre arbeidskraft og busetnad i Solund gjennom gode butilbod.
- Ta i bruk Sjønære områder i kommunen for å kunne tilby attraktive bustadtomter.
- Ha busetnad og bustadbygging i kommunen.
- Opprette ein kommunal utleigeportal for ledige bustader.
- At ein til ei kvar tid skal ha tilgjengeleg attraktive tomter.
- Utvikle bustadar for unge etablerarar.

Solund Høgre stemte imot innføring av eigedomsskatt då denne vart innført i Solund.

Solund Høgre vil:

- Ikkje auke eigedomsskatten komande periode, og på sikt fjerne eigedomsskatten.
- Arbeide for at nyetablerte skal få fritak for eigedomsskatt i 10 år.



4 Helse, omsorg, folkehelse og samhandling

For Høgre er det viktig å ha fokus på mennesket, og å skape gode samfunn der vi tek vare på kvarandre. Helsetilbodet som vert tilbydd innbyggjarane i Solund skal ha kvalitet, og dei som treng hjelp skal verte behandla med respekt og omsorg.

Solund Høgre vil:

- Leggje til rette for vidareføring av dei etablerte helsetenestene i kommunen.
- Sikre det gode legetilbodet vi har i dag.
- Sikre ei trygg og god ambulanseteneste.
- Fremje utvikling av velferdsteknologi innan helsetenestene, som mellom anna kan gje auka livskvalitet, tryggleik, trivsel og samfunnsdeltaking.
- Forsette det gode samarbeidet mellom helse og oppvekst for å sikre barn og unge ei god fysisk og psykisk helse.
- Gje rammer som sikrar ei eldreomsorg tufta på kvalitet, tryggleik og trivsel.
- Legge til rette for at innbyggjarar med behov for hjelp og pleie får bu heime lengst mogleg.
- Legge til rette for god folkehelse gjennom fysisk aktivitet, sunn livsstil og rett ernæring.
- Tilrettelegge for god integrering av tilflyttarar.



5 Oppvekst og utdanning

Høgre er opptatt av å ha eit godt og trygt oppvekstmiljø for born og unge i Solund. Høgre har som mål å spele på lag med born, foreldre og tilsette for å sikre den best moglege barnehagen, skulen og SFO-tilbodet.

Høgre har som mål at alle born skal sikrast ei tidsriktig undervisning som tek utgangspunkt i den einsskilde sine føresetnader. Det er viktig med gode og trygge læringsmiljø med god kontakt mellom barnehage, skule og heim. Born i Solund skal få eit best mogleg utgangspunkt for vidare skulegang og i livet generelt.

Solund Høgre vil:

- Vidareføre og vidareutvikle det gode barnehagetilbodet vi har i Solund i dag.
- Gje skulen rammer som legg til rette for ei god og tidsriktig skuledrift.
- Ha ei skulefritidsordning med kvalitet og fleksibilitet.
- Ha nullvisjon mot mobbing.
- At barn og ungdom får kjennskap til dei næringane og moglegheitene som er i Solund.
- Vere pådrivarar for gode, attraktive og kystnære utdanningslinjer på Austrheim VGS.
- Vere positive til etablering av folkehøgskule i Solund.



6 Kultur og fritid

For å få eit levande samfunn og auka trivsel er det viktig å ha eit godt og variert fritidstilbod. Dette vere seg både innan sport, kultur og andre fritidssysler. Høgre ser på dei frivillige lag og organisasjonane som beresøylar i dette arbeidet, og set pris på det engasjementet som vert utøvd av verdfulle eldsjeler. Høgre ynskjer å spele på lag med frivillige lag og organisasjonar.

Solund Høgre vil:

- I vare ta det gode musikk- og kulturskuletilbod i kommunen.
- Legge til rette for fysisk aktivitet i kommunen.
- At offentlege bygg skal være tilgjengeleg for barne- og ungdomsorganisasjonar.
- Utbetre tilkomst til turmål, til dømes Pollatinden og Krakhellenipa.
- Utvikle sommaraktiviteter for barn og unge.
- Samarbeide med lag og organisasjonar for eit levande samfunn.



7 Ungdomstiltak

Born og ungdom er viktige for framtida. Høgre vil jobbe aktivt for gje ungdommen positive assosiasjonar til Solund og gje dei lyst til å fortsette og bu i Solund også i framtida.

Solund Høgre vil:

- Møte ungdommens behov i bustadmarknaden.
- At Solund skal vere i dei unge sine framtidsvisjonar.
- Vil i større grad involvere og lytte til ungdommen gjennom Solund Ungdomsråd.
- Legge til rette for eit mangfaldig og inkluderande fritidstilbod.
- Støtte tiltak som sikrar rekruttering av ungdom til næringslivet, til dømes gjennom karrieremessa.
- Vidareføre sommarjobb for aldersgruppa 13-17 år.
- Motivere og legge til rette for lærlingplassar både i privat næringsliv og i det offentlege.
- Støtte opp om prosjektet Ung i Solund.




8 Samferdsle

Gode kommunikasjonar er ein føresetnad for trygging og utbygging av eit variert næringsliv og viktig for dei som er busett i Solund. Høgre vil arbeide for å styrke samferdsle både innan og ut av kommunen, og at tryggingstiltak i trafikken vert prioritert.

Solund Høgre vil:

- Sikre gode kommunikasjonar til fastlandet.
- Stille krav om at reserveferje må kome raskare på plass dersom ordinær ferje Rysjedalsvika-Rutledal-Krakhella er ute av drift.
- Ved eventuell flytting av ekspressbåtstopp oppretthalde dagens direkte kommunikasjon nord sør og inn i fjorden.
- Arbeide for å sikre det interne rutenettet med båt og buss ved eventuell flytting av ekspressbåtstopp.
- Forbetre fylkesveg 606 for å tole auka trafikk.
- Arbeide for betre og fleire møteplassar, samt sikrare veg.
- Prioritere bygging av djupvasskai i kommunen.
- Prioritere vedlikehald av kommunale veier høgare.
- Vere pådrivar for trygg skuleveg.
- Tilrettelegge for parkeringsareal ved hyttefelt og utgangspunkt for turar.
- Jobbe opp mot Vestland fylkeskommune for å sikre auka ambisjonar for vintervedlikehaldet på fylkesvegane i Solund




9 Miljø og klima

Solund Høgre tar miljø- og klimapolitikken på alvor. Dersom ein skal ta vare på miljøet og få ned dei klimafarlege utsleppa er det viktig at vi alle tar ansvar, også i Solund.

Solund Høgre vil:

- Sette miljøkrav til offentlege innkjøp.
- Vere pådrivarar for etablering av gode ladepunkt for EL-bilar i Solund, satse på hurtiglading.
- Vere positive til «grøne» løysingar og «grøne» næringar i Solund.
- Nytte Fjordkysten Friluftsråd som samarbeidspartnar i miljø- og klimaarbeid.
- Vere pådrivar for tilrettelegging av gang- og sykkelveggar i Solund.
- Jobbe for biologisk mangfald, blant anna gjennom fleire insektshotell.



Våre kandidatar



1. kandidat/Ordførarkandidat
Julian Høgberg Lambrechts



2. kandidat
**Signe
Bjorøy**



3. kandidat
**Hanne
Mjåtveit**



4. kandidat
**Sander A.
Sundal**



5. kandidat
**Kenneth
Sæbø**



6. kandidat
**Even
Bjorøy**



7. kandidat
**Øystein Olai
Espeland**



8. kandidat
**Øystein Aarøy
Mårstig**



9. kandidat
**Anita Lien
Einen**



10. kandidat
**Bjarne Leiv
Ravnøy**



11. kandidat
**Janne Britt
Krakhellen**



12. kandidat
**Ingemar
Lending**



13. kandidat
**Rune
Pollen**



14. kandidat
**Øystein
Lending**



15. kandidat
**May Sissel
Trovåg Strand**